



DELÅRSRAPPORT

4. kvartal 2022

Voss, 7. februar 2023
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2022

GENEREKT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har frå 4. kvartal laga konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eigedomsmekling 8.9.2022, og opna Aktiv eigedomsmeklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksels- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 4. kvartal på 72,2 mill. kr. Dette er ein auke på 14,0 mill. kr i høve til same periode i 2021. Resultat av ordinær drift før skatt er 70,5 mill. kr mot 58,0 mill. kr i 2021. Resultat etter skatt er 54,2 mill. kr mot 44,6 mill. kr i 2021.

Totalresultat pr. utgangen av 4. kvartal 2022 er 60,2 mill. kr mot 46,2 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei framleis positiv utvikling i basisdrifta, og leverer banken sitt beste resultat nokon gong i nominelle kroner.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 8,7 % pr. utgangen av 4. kvartal i år mot 7,8 % for tilsvarende periode i fjor. Styrkinga kjem av god underliggende drift, utlånsvekst og god vekst i andre inntekter.

For 4. kvartal isolert (2021 tala i parentes) er resultat før tap 22,8 mill. kr (14,5), resultat før skatt 22,6 mill. kr (15,1), resultat etter skatt 17,1 mill. kr. (12,0) og totalresultat 20,6 mill. kr (14,0).

Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital isolert for kvartalet er 11,0 %.

RENTENETTO

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 4. kvartal er bokført til 109,3 mill. kr. Dette er ein auke på 17,2 mill. kr frå same periode i 2021. Dette skuldast både volumvekst og auke i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 1,90 % (1,62 %).

Isolert for 4. kvartal var netto rente- og kreditprovisjonsinntekter 30,0 mill. kr mot 24,3 mill. kr i 2021.

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 4. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 22,6 mill. kr. Dette er ein auke på 5,0 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 1,6 mill. kr i høve til 2021, medan utbytte aukar med 2,9 mill. kr. Netto verdiendring på finansielle instrument har auka med 0,4 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 12,4 mill. kr mot 3,5 mill. kr i 2021. Dette skuldast i hovudsak verdiendring på fond i likviditetsportefølja, og der tidlegare urealiserte tap er reversert i takt med at marknadstilhøva har normalisert seg. Jamfør kommentar i 3. kvartalsrapporten.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 4. kvartal bokført til 59,7 mill. kr mot 51,5 mill. kr i fjor. Lønn og andre personalkostnader har auka med 1,5 mill. kr i høve til 2021, medan andre driftskostnader har auka med 7,0 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak auka IKT kostnader og kostnadsført byggvedlikehald, og det er ført ekstraordinære eingongskostnader i samband med byte av datasentral pr. 4. kvartal på 2,4 mill. kr. Avskrivingane er redusert med knappe 0,3 mill. kr i høve til 2021.

Isolert for 4. kvartal er driftskostnadane 19,5 mill. kr mot 13,3 mill. kr i 2021.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 4. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivingar på utlån med 1,7 mill. kr mot 0,2 mill. kr i fjor. For nærmere spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

For 4. kvartal isolert er det ei netto kostnadsføring av tap og nedskrivingar på utlån med kr 0,2 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,6 mill. kr i tilsvarende periode i 2021.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevisse nedskrivingane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og krigen i Ukraina på 4,1 mill. kr. i 4. kvartal 2022. Dette grunna framleis usikkerheit kring den økonomiske utviklinga på lengre sikt.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 4. kvartal er 6.403 mill. kr. Dette er ein auke på 306 mill. kr (+5,0 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 5.861 mill. kr. ved utgangen av 4. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 4. kvartal på 4.075 mill. kr. Dette er ein auke på 105 mill. kr (+2,6 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 4. kvartal er 80,0 % mot 78,9 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 4. kvartal har auka med 66,9 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 4. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 247 mill. kr (+4,6 %). Utlånsauken til privatkundar er 162 mill. kr (+3,6 %), medan auken til næringskundar er 85 mill. kr (+9,0 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 4. kvartal 5.633 mill. kr (5.385 i 4. kvartal 2021).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.091 mill. kr mot 5.034 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2021. Av samla utlån er 1.022 mill. kr (20,1 %) utlån til næringsverksemid og 4.068 mill. kr (79,9 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjer ved utgangen av 4. kvartal 542 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 11,8 % mot 7,9 % i 2021. Dette utgjer 9,6 % (6,5 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 4. kvartal utesståande obligasjonsgjeld på 990 mill. kr mot 1.056 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2021. Sjå note 8 for

nærare detaljar. Ved utgangen av 4. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 352 % og NSFR 136 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 23,71 % ved utgangen av 4. kvartal mot 22,18 % på tilsvarande tidspunkt i fjer. Netto ansvarleg kapital i banken er 657,4 mill. kr, mot 648,9 mill. kr same periode i fjer.

Kjernekapitalen til banken er 597,4 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 547,4 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 21,54 % (20,13 % i 4. kv. 2021) og ei rein kjernekapitaldekning på 19,74 % (18,76 % i 4. kv. 2021) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,0 % ved utgangen av 4. kvartal 2022 mot 10,0 % på tilsvarande tidspunkt i fjer.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 23,34 % ved utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 21,17 % og 19,36 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,62 %.

FRAMLEGG TIL UTBYTTE

Vekselbanken har som målsetjing å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre aksjonærane konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistigning på eigenkapitalen.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 10,50 i utbytte pr. aksje for 2022, samanlikna med kr 10,05 for 2021. Utbyttet på kr 10,50 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 44,8 %. Det gjev ei direkte avkastning på 4,7 % rekna mot børskurs 31.12.2022 på kr 222,00. Føreslege utbytte er i samsvar med guidinga som er eit utdelingsforhold mellom 40 % – 50 % av årsresultatet dersom ikkje soliditeten tilseier noko anna.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2023

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina kombinert med ei energikrise i Europa har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen har bite seg fast på eit svært høgt nivå, og kombinert med stigande renter er dette venta å føre til eit lågare aktivitetsnivå frametter. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Norges Bank har i år lyfta styringsrenta rekordraskt, og det er venta vidare oppgang før ei utflating i slutten av 2023. Høgare renter vil påverke aktiviteten og investeringane framover.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.


FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 4. kvartal 2022 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 7. februar 2023

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarekvål

Styreleiar



Kathrine Løno Lahlum

Nestleiar



Marita Østrem



Hege Solbakken



Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

Resultat - Konsern			4. kvartal isolert	4. kvartal	4. kvartal	
	Note		2022	2021	31.12.22	31.12.21
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra eignelutar vurdert til amortisert kost			56.128	33.268	174.787	126.403
Renteinntekter fra øvrige eignelutar			-200	0	-200	359
Rentekostnader og liknande kostnader			25.952	9.009	65.246	34.655
Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter			29.976	24.259	109.341	92.107
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester			5.006	4.353	17.121	15.548
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester			558	590	2.221	2.266
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			596	237	4.571	1.720
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7		6.890	-826	2.692	2.271
Andre driftsinntekter			449	278	466	324
Netto andre driftsinntekter			12.383	3.452	22.630	17.598
Løn og andre personalkostnader			7.184	6.188	24.245	22.757
Andre driftskostnader			11.958	6.665	33.962	26.927
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eignelutar			381	398	1.528	1.793
Sum driftskostnader			19.524	13.251	59.736	51.477
Resultat før tap			22.835	14.459	72.235	58.228
Kredittap på utlån, garantiar og renteberende verdipapir	Note 5		190	-598	1.731	224
Resultat før skatt			22.645	15.057	70.505	58.004
Skattekostnad			5.500	3.036	16.339	13.403
Resultat av ordinær drift etter skatt			17.146	12.022	54.165	44.601
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7		3.425	1.654	5.980	2.454
Sum poster som ikke vil verta klassifisert over resultatet			3.425	2.006	5.980	2.454
Verdiendring utlån til virkelig verdi			72	125	125	113
Verdiendring rentebærende verdipapir til virkelig verdi			0	0	0	-1.267
Skatt			-18	-31	-31	289
Sum poster som vil bli klassifisert over resultatet			54	44.561	94	-865
Totalresultat			20.625	14.028	60.239	46.190
Resultat per aksje			6,80	4,59	23,60	20,09
<i>Resultat etter skatt</i>						
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden			60.305		60.305	
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden			-66		-66	
<i>Resultat - Morbank</i>						
	Note		4. kvartal isolert		4. kvartal	4. kvartal
			2022	2021	31.12.22	31.12.21
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra eignelutar vurdert til amortisert kost			56.128	33.268	174.787	126.403
Renteinntekter fra øvrige eignelutar			-200	0	-200	359
Rentekostnader og liknande kostnader			25.952	9.009	65.246	34.655
Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter			29.976	24.259	109.341	92.107
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester			5.006	4.353	17.121	15.548
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester			558	590	2.221	2.266
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			596	237	4.571	1.720
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7		6.890	-826	2.692	2.271
Andre driftsinntekter			0	278	17	324
Netto andre driftsinntekter			11.934	3.452	22.181	17.598
Løn og andre personalkostnader			7.004	6.188	24.066	22.757
Andre driftskostnader			11.566	6.665	33.570	26.927
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eignelutar			370	398	1.516	1.793
Sum driftskostnader			18.940	13.251	59.152	51.477
Resultat før tap			22.970	14.459	72.370	58.228
Kredittap på utlån, garantiar og renteberende verdipapir	Note 5		190	-598	1.731	224
Resultat før skatt			22.780	15.057	70.639	58.004
Skattekostnad			5.500	3.036	16.339	13.403
Resultat av ordinær drift etter skatt			17.280	12.022	54.300	44.601
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7		3.425	1.654	5.980	2.454
Sum poster som ikke vil verta klassifisert over resultatet			3.425	1.057	5.980	2.454
Verdiendring utlån til verkeleg verdi			72	125	125	113
Verdiendring rentebærende verdipapir til verkeleg verdi			-18	-31	-31	289
Sum poster som vil bli klassifisert over resultatet			54	125	94	-865
Totalresultat			20.759	14.028	60.373	46.190
Resultat per aksje			6,83	4,59	23,63	20,09

Balanse - Eignelutar - Konsern		Note	31.12.22	31.12.21
<i>Tal i tusen kroner</i>				
Kontantar og kontantekvivalentar			76.808	80.377
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar			149.017	133.038
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5		3.740.516	3.946.925
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5		1.321.834	1.056.967
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7		549.012	507.087
Varige driftsmiddel			17.006	17.663
Andre eignelutar			6.331	5.102
Sum eignelutar			5.860.523	5.747.159
Balanse - Gjeld og eigenkapital - Konsern				
<i>Tal i tusen kroner</i>			31.12.22	31.12.21
Innlån frå kreditinstitusjonar			24	24
Innskot frå kundar			4.074.803	3.970.227
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8		989.974	1.055.899
Anna gjeld			24.802	24.092
Forpliktingar ved skatt			16.533	15.143
Andre avsetningar			610	256
Ansvarleg lånekapital			60.109	60.053
Sum gjeld			5.166.854	5.125.694
Innskoten eigenkapital			58.015	58.014
Oppent eigenkapital			559.197	523.343
Fondsobligasjonskapital			76.313	40.108
Ikkje kontrollerande eigarinteresser			78	0
Sum eigenkapital			693.603	621.464
Sum gjeld og eigenkapital			5.860.523	5.747.159
Balanse - Eignelutar - Morbank				
<i>Tal i tusen kroner</i>			31.12.22	31.12.21
Kontantar og kontantekvivalentar			76.809	80.377
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar			149.017	133.038
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5		3.740.516	3.946.925
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5		1.322.257	1.056.967
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7		549.165	507.087
Varige driftsmiddel			16.660	17.663
Andre eignelutar			5.931	5.102
Sum eignelutar			5.860.355	5.747.159
Balanse - Gjeld og eigenkapital - Morbank				
<i>Tal i tusen kroner</i>			31.12.22	31.12.21
Innlån frå kreditinstitusjonar			24	24
Innskot frå kundar			4.074.831	3.970.227
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8		989.974	1.055.899
Anna gjeld			24.760	24.092
Forpliktingar ved skatt			16.533	15.143
Andre avsetningar			463	256
Ansvarleg lånekapital			60.109	60.053
Sum gjeld			5.166.693	5.125.694
Innskoten eigenkapital			58.014	58.014
Oppent eigenkapital			559.335	523.343
Fondsobligasjonskapital			76.313	40.108
Perioden sitt resultat etter skatt			0	0
Sum eigenkapital			693.662	621.464
Sum gjeld og eigenkapital			5.860.355	5.747.159

Voss, 7. februar 2023

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Stein Kvarekvål

Styreleiar

Marita Østrem

Marita Østrem

Hege Solbakken

Hege Solbakken

Kathrine Løno Lahlum

Nestleiar

S. Dagestad Midttun

Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.

Stig Gunnar Røthe

Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital			
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fonds- obligasjon	Fond for unrealiserte vinstar	Ikkje kontrollerende eigarinteresser	Annan opptent eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	-512	495.321	621.464
Resultat etter skatt				2.234	-512	-66	52.442	54.097
Vinst sal eigenkapitalinstrument					5.799		181	181
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					125			5.799
Utlån kundar til verkeleg verdi					-31			125
Skatt på utlån til verkeleg verdi								-31
Totalresultat 31.12.2022	0	0	0	2.234	5.380	-66	52.623	60.171
Transaksjonar med eigarane						144		144
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029			-2.029	
Uferding av ny fondsobligasjon				50.000			50.000	
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000			-14.000	
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147	
Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	78	525.797	693.603
Eigenkapital 31.12.2020	11.103	-82	46.995	40.097	26.943	474.502	599.559	
Resultat etter skatt				1.561	-512	43.552	44.601	
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					2.454		2.454	
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi					-1.267		-1.267	
Utlån kundar til verkeleg verdi					113		113	
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					289		289	
Totalresultat 31.12.2021	0	0	0	1.561	1.077	43.552	46.190	
Transaksjonar med eigarane								0
Utbetalte renter hybridkapital				-1.550			-1.550	
Skatt på renter hybridkapital direkte mot EK								0
Endring eigne aksjar				-2			-35	-37
Utbetalt utbytte						-22.698	-22.698	
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	495.321	621.464	

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital			
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fonds- obligasjon	Fond for unrealiserte vinstar	Annan opptent eigenkapital	Sum eigenkapital	
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	495.321	621.464	
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.578	54.300	
Vinst sal eigenkapitalinstrument						181	181	
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					5.799		5.799	
Utlån kundar til verkeleg verdi					125		125	
Skatt på utlån til verkeleg verdi					-31		-31	
Totalresultat 31.12.2022	0	0	0	2.234	5.380	52.759	60.373	
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029			-2.029	
Uferding av ny fondsobligasjon				50.000			50.000	
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000			-14.000	
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147	
Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.933	693.662	
Eigenkapital 31.12.2020	11.103	-82	46.995	40.097	26.943	474.502	599.559	
Resultat etter skatt				1.561	-512	43.552	44.601	
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					2.454		2.454	
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi					-1.267		-1.267	
Utlån kundar til verkeleg verdi					113		113	
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					289		289	
Totalresultat 31.12.2021	0	0	0	1.561	1.077	43.552	46.190	
Utbetalte renter hybridkapital				-1.550			-1.550	
Endring eigne aksjar				-2			-35	-37
Utbetalt utbytte						-22.698	-22.698	
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	495.321	621.464	

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING - KONSERN

	4. kvartal 2022	4. kvartal 2021
Tal i tusen kroner		
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		
Netto utbetaling av lån til kundar	-56.343	-130.777
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	172.942	126.518
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	104.604	55.188
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-37.382	-19.892
Netto inn-/utbetaling av lån frå kreditinstitusjonar/innskot i kreditinstitusjonar	0	-50.127
Renteutbetalingar på gjeld til kreditinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kreditinstitusjonar	1.843	-114
Endring sertifikat og obligasjoner		427.165
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjoner		359
Netto provisjonsinnbetalingar	14.901	13.282
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	568	0
Netto inn-/utbetaling kortsliktige investeringar i verdipapir	0	-373.850
Utbetalingar til drift	-61.316	-41.168
Betalt skatt	-15.381	-13.875
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	124.435	-7.291
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar		
Netto investering i varige driftsmidler	-513	0
Netto investering i langsiktige verdipapir	-33.973	2.658
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	4.571	1.720
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	-29.915	4.378
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		
Innbetaling ved utferding stifta ved utferding av verdipapir	350.000	180.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-418.000	-275.061
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-23.859	-13.381
Utbetaling ved forfall lån fra kreditinstitusjoner	0	0
Renter på gjeld til kreditinstitusjonar	0	-47
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	0	0
Innbetaling ved utstedelse av ansvarlig lån	0	5
Utbetaling ved forfall ansvarlig lån	0	0
Renteutbetalingar på ansvarlege lån	-2.073	-1.336
Innbetaling ved utstedelse av fondsobligasjonskapital	50.000	0
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	-14.000	0
Renter på fondsobligasjon	-2.029	-1.550
Kjøp og salg av egne aksjer	0	0
Utbetalingar fra gavefond	0	0
Emisjon av aksjar	0	0
Utbytte til aksjeeigarane	-22.147	-22.698
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	-82.108	-134.067
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	12.412	-136.981
Likviditsbeholdning 1.1	213.414	350.395
Likviditsbeholdning 31.12	225.826	213.414
Likviditsbeholdning spesifisert:		
Kontantar og kontantekvivalentar	76.809	11.715
Utlán til og fordringar på kreditinstitusjonar	149.017	201.700
Likviditsbeholdning	225.826	213.414

NOTE 1 - GENERELL INFORMASJON

Banken har frå 4. kvartal konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eigedomsmekling 8.9.2022, og opna Aktiv eigedomsmeclar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

Den vedvarande krigen i Ukraina fører til usikkerheit, og prisen på innsatsfaktorar har auka monaleg. Inflasjonen og renta har stige kraftig. Dette fører til auka usikkerheit i verdensøkonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt enno.

Banken med si fordeling 80 % PM og 20 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

Utlån med statsgaranti frå Eksportfinansiering Norge (Eksfin)

Dette er ei låneordning som staten har innført for å hjelpe bedrifter som står i ei akutt likviditetskrise som følge av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt. Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga. Vekselbanken har fått tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og har pr. utgangen av 4. kvartal innvilga lån for 32,1 mill. kr fordelt på 16 lån.

NOTE 2 - REKNESKAPSPrINSIPP OG -ESTIMAT

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2022 - 31.12.2022. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2021.

Covid-19-situasjonen og etterfylgjande krig i Ukraina førte til ein vesentleg og rask endring i kreditrisikoen for banken sin portefølje. Uvissa knytt til dette, gjorde det naudsynt å gjera ein justering på portefølenivå for forventa tap.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderinger

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderinger og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsreknekapen for 2021 er det gjort nærmare greie for kritiske estimat og vurderinger vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp. Estimat og skjønnsmessige vurderinger vert løpende evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnadar om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balanseidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekingane føreset at det vert nytt storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiene. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevisे vurderingar ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivningsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2021 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kreditrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslettingar gjeve som konsekvens av covid-19-situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearancemarkering eller overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kreditporteføljen, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjene er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike segmenta og bransjene. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.

Dei berekna nedskrivningsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 0,4 mill. kr samanlikna med utgangen av fjaråret.

Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,6 mill. kr samanlikna med utgangen av fjaråret.

Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - KREDITTFORRINGA ENGASJEMENT

Misleghald over 90 dagar

	4. kvartal	4. kvartal
	2022	2021
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	18.485	28.814
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	1.780	0
Nedskrivningar i steg 3	-8.625	-10.521
Netto misleghelde engasjement	11.640	18.293

Andre kredittföringa

	4. kvartal	4. kvartal
	2022	2021
Brutto andre kredittföringa engasjement - personmarknaden	10.759	7.909
Brutto andre kredittföringa engasjement - bedriftsmarknaden	24.994	28.346
Nedskrivningar i steg 3	-11.307	-11.729
Netto andre kredittföringa engasjement	24.446	24.526

NOTE 4 - FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringer

	4. kvartal	4. kvartal
	2022	2021
Landbruk	34.559	36.603
Industri	31.190	74.507
Bygg, anlegg	66.945	68.285
Varehandel	72.850	72.990
Transport	19.100	23.025
Eigedomsdrift etc	629.680	562.932
Annan næring	168.004	98.903
Sum næring	1.022.328	937.244
Personkundar	4.068.362	4.097.102
Brutto utlån	5.090.690	5.034.346
Steg 1 nedskrivningar	-2.861	-2.528
Steg 2 nedskrivningar	-5.130	-5.684
Steg 3 nedskrivningar	-19.927	-22.242
Netto utlån til kundar	5.062.773	5.003.892
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	542.188	351.121
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	5.604.961	5.355.013

NOTE 5 - Nedskrivningar, tap, finansiell risiko - morbank

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert foreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvar steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kreditrisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskonteringa.

31.12.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	771	1.492	11.440	13.703
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	31	-442	0	-411
Overføringar til steg 2	-15	484	0	469
Overføringar til steg 3	0	-132	302	169
Nedskrivningar på nye utlån utbetalte i året	15	3	16	34
Utlån som er frårekna i perioden	-104	-396	-3.448	-3.948
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	11	198	999	1.207
Andre justeringar	-597	331	91	-175
Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.12.2022	111	1.538	9.400	11.049

31.12.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	3.878.202	189.043	29.857	4.097.102
Overføringar mellom steg:				0
Overføringar til steg 1	69.488	-69.488	0	0
Overføringar til steg 2	-93.208	93.208	0	0
Overføringar til steg 3	0	-4.519	4.519	0
Nye utlån utbetalte	1.341.397	52.815	2.766	1.396.979
Utlån som er frårekna i perioden	-1.361.965	-55.799	-7.954	-1.425.719
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.12.2022	3.833.915	205.260	29.187	4.068.362

31.12.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	1.757	4.192	10.802	16.752
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	64	-818	0	-755
Overføringar til steg 2	-63	653	0	590
Overføringar til steg 3	-4	-10	26	11
Nedskrivningar på nye utlån utbetalte i året	65	233	359	656
Utlån som er frårekna i perioden	-178	-473	-438	-1.089
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	134	-67	-223	-156
Andre justeringar	976	-118	-1	857
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 31.12.2022	2.750	3.591	10.525	16.867

31.12.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	737.716	171.223	28.305	937.244
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	42.558	-42.558	0	0
Overføringar til steg 2	-72.621	72.621	0	0
Overføringar til steg 3	-103	-224	327	0
Nye utlån utbetalte	266.214	17.821	0	284.035
Utlån som er frårekna i perioden	-134.568	-62.104	-2.279	-198.952
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.12.2022	839.197	156.778	26.353	1.022.328

31.12.2022	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar				
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	135	114	0	249
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	21	-36	0	-15
Overføringer til steg 2	-7	101	0	94
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	9	38	3	50
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-69	-35	0	-104
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	137	10	0	147
Andre justeringar	35	4	2	41
Nedskrivningar pr. 31.12.2022	261	197	5	463

31.12.2022	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
Unytta kredittar og garantiar				
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2022	337.837	19.638	39	357.514
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	15.640	-15.640	0	0
Overføringer til steg 2	-10.904	10.904	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	81.311	3.143	0	84.454
Engasjement som er frårekna i perioden	-151.075	6.492	-31	-144.614
Brutto uteståande engasjement pr. 31.12.2022	272.809	24.537	8	297.355

Nedskrivningar i steg 3 på utlån og garantiar	31.12.2022	31.12.2021
Nedskrivningar ved starten av perioden	22.242	22.394
Auka nedskrivningar i perioden	1.761	1.300
Nye nedskrivningar i perioden	553	500
Tilbakeføring av nedskrivningar frå tidligare periodar	-281	-1.952
Konstaterte tap på lån som tidligare er nedskrivne	-4.344	
Nedskrivningar steg 3 ved slutten av perioden	19.931	22.242

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.12.2022	31.12.2021	31.12.2021
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-2.315	-152	-152
Endring i perioden i steg 3 på garantiar		7	7
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	301	-403	-403
Konstaterte tap i perioden, der det tidligare er føreteke nedskrivningar i steg 3	4.344	1.462	1.462
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er føreteke nedskrivningar i steg 3		-85	-85
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	-599	-605	-605
Tapskostnader i perioden	1.731	224	224

NOTE 6 - SEGMENTINFORMASJON - MORBANK

RESULTAT	4. kvartal		2022	
	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	95.266	45.025	-30.950	109.341
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			4.571	4.571
Netto provisjonsinntekter			14.901	14.901
Netto verdiendring verdipapir			2.692	2.692
Andre inntekter			17	17
Sum andre driftsinntekter	0	0	22.181	22.181
Løn og andre personalkostnader			24.066	24.066
Avskrivningar på driftsmidlar			1.516	1.516
Andre driftskostnader			33.570	33.570
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	59.152	59.152
Tap på utlån	726	1.005		1.731
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	94.541	44.020	-67.922	70.639
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Brutto utlån og fordringar på kundar	4.068.362	1.022.328		5.090.690
Innskot frå kundar	3.137.722	937.109		4.074.831

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgd opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken si vurdering, foreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

RESULTAT	4. kvartal		2021	
	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	76.028	34.148	-18.069	92.107
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			1.720	1.720
Netto provisjonsinntekter			13.282	13.282
Netto verdiendring verdipapir			2.271	2.271
Andre inntekter			324	324
Sum andre driftsinntekter	0	0	17.597	17.597
Løn og andre personalkostnader			22.757	22.757
Avskrivningar på driftsmidlar			1.793	1.793
Andre driftskostnader			26.927	26.927
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	51.477	51.477
Tap på utlån	1.495	-1.272		223
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	74.533	35.420	-51.949	58.005
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Brutto utlån og fordringar på kundar	4.097.102	937.244		5.034.346
Innskot frå kundar	2.923.656	1.046.571		3.970.227

NOTE 7 - VERDIPAPIR - KONSERN

31.12.2022		NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum Totalt
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi					
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet		447.405			447.405
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			101.607	101.607	
Sum	-	447.405		101.607	549.012

31.12.2021		NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum Totalt
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.					
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet		445.281			445.281
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			61.806	61.806	
Sum	-	445.281		61.806	507.087

Verkeleg verdimålingar og –opplysninga klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:

Nivå 1: Verdsetjing er fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

Nivå 2: Verdsetjing er utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3: Vurderingar som baserer seg på observerbare marknadsdata. Verdsetjinga av Eika Boligkredit AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdurvurdering av dei einskilde selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. Denne verdurvurderinga vert vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetjingskurs, og der det er teke omsyn til banken sine eigne vurderingar av hendingar fram til balansedagen. Til saman utgjer desse aksjane 66,6 mill. kroner av totalt 101,6 mill. kroner i nivå 3.

SPESIFIKASJON AV OBLIGASJONS-, FONDS- OG AKSJEPORTEFØLJE

Renteportefølje	31.12.2022		31.12.2021	
Fondsandalar				
DNB Euro. Cov. Bonds	59.372		59.857	
DNB OMF	183.298		180.782	
DNB Global Treasury	155.770		154.674	
DNB Obligasjon 20 E	48.966		49.968	
Sum renteportefølje	447.405		445.281	
Aksjeportefølje	31.12.2022		31.12.2021	
Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Tal aksjar	Bokført verdi
SDC	2.603	1.480	2.603	1.373
Eika Gruppen	157.633	40.985	47.481	8.024
Eksportfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Eika BoligKreditt	5.741.973	25.569	4.719.819	19.836
Destinasjon Voss			33	100
Kveik AS	5	5	5	5
Næringshagen Voss	49.500	250	1.500	150
VossaLøysinga	5	5	5	5
Visa C konvertible via VN1		213	31	357
VN Norge		811		1.357
Eiendomskreditt	8.212	1.000	8.212	1.000
Eika VBB AS	2.243	11.276	1.648	9.586
Sum aksjeportefølje	101.607		61.806	

NOTE 8 - VERDIPAPIRGJELD

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente-vilkår
				31.12.2022	31.12.2021	
Sertifikat- og obligasjonslån						
N00010790538	04.04.2017	31.03.2022	150.000	0	150.008	150.008 3m Nibor + 90 bp
N00010795412	26.05.2017	09.09.2022	150.000	0	150.162	150.162 3m Nibor + 92 bp
N00010807928	10.10.2017	10.03.2023	32.000	32.127	150.151	150.151 3m Nibor + 90 bp
N00010816085	12.02.2018	12.09.2023	175.000	175.403	175.128	175.128 3m Nibor + 88 bp
N00010853369	29.05.2019	18.03.2024	150.000	150.212	150.077	150.077 3m Nibor + 70 bp
N00010873185	16.01.2020	16.01.2025	150.000	151.248	100.281	100.281 3m Nibor + 69 bp
N00011027005	15.06.2021	15.09.2025	180.000	180.319	180.111	180.111 3m Nibor + 54 bp
N00012495946	20.04.2022	30.08.2024	175.000	175.646		3m Nibor + 57 bp
N00012785155	16.12.2022	16.12.2026	125.000	125.248		3m Nibor + 125 bp
Over/underkurs			-229	-18	-18	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir			989.974	1.055.899	1.055.899	
Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente-vilkår
				31.12.2022	31.12.2021	
Ansvarleg lånekapital						
N00010871395	18.12.2019	18.12.2024	60.000	60.109	60.053	60.053 3 mnd. NIBOR + 1,80 %
Sum ansvarleg lånekapital			60.109	60.053	60.053	
Endringar i verdipapirgjeld i perioden				Balanse 31.12.2021	Emitert	Forfall/ innlest
Obligasjonsgjeld				1.055.899	350.000	-418.000
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir				1.055.899	350.000	-418.000
Ansvarlege lån				60.053	0	0
Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner				60.053	0	0
						Balanse 31.12.2022
						989.973

NOTE 9 - KAPITALDEKNING - MORBANK

Kapitaldekning	4. kvartal 31.12.2022	4. kvartal 31.12.2021
Opptent eigenkapital	525.933	495.322
Overkursfond	46.995	46.995
Innbetalt aksjekapital	11.019	11.019
Fond for urealiserte gevinst	33.401	28.020
Sum eigenkapital	617.348	581.357
Avsett utbytte	-23.315	-22.316
Frådrag for forsvareg verdsetjing	-4.290	-507
Frådrag i rein kjernekapital	-42.372	-9.586
Rein kjernekapital	547.371	548.947
Fondsobligasjoner	50.000	40.000
Frådrag i kjernekapital	0	0
Sum kjernekapital	597.371	588.947
Ansvarleg lånekapital	60.000	60.000
Frådrag i tilleggskapital	0	0
Sum tilleggskapital	60.000	60.000
	0	0
Netto ansvarleg kapital	657.371	648.947
	31.12.2022	31.12.2021
Eksponeringskategori (vekta verdi)		
Statar	0	0
Lokal regional myndighet	0	0
Offentleg eige føretak	0	0
Institusjonar	91	0
Føretak	212.500	247.537
Massemarknad	0	0
Pantsikkerheit eigedom	2.055.152	2.142.633
Forfalne engasjement	37.424	38.115
Høgrisiko engasjement	0	7.395
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	29.803	26.607
Andelar verdipapirfond	45.222	43.950
Eigenkapitalposisjonar	59.617	52.220
Øvrige engasjement	119.613	164.088
CVA-tillegg	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kreditrisiko	2.559.422	2.722.545
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	213.566	203.037
Berekningsgrunnlag	2.772.988	2.925.582
Kapitaldekning i %	23,71 %	22,18 %
Kjernekapitaldekning	21,54 %	20,13 %
Rein kjernekapitaldekning i %	19,74 %	18,76 %
Konsolidering av samarbeidande grupper		
Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportera kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.		
Banken har ein eigarandel på 0,64 % i Eika Gruppen AS og på 0,41 % i Eika Boligkreditt AS.		
	31.12.2022	31.12.2021
Rein kjernekapital	572.250	549.253
Kjernekapital	625.715	591.659
Ansvarleg kapital	689.818	654.689
Berekningsgrunnlag	2.956.017	3.056.389
Kapitaldekning i %	23,34 %	21,42 %
Kjernekapitaldekning	21,17 %	19,36 %
Rein kjernekapitaldekning i %	19,36 %	17,97 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	9,62 %	9,32 %

NOTE 10 - AKSJAR

Dei 20 største aksjonærane:

31.12.2022

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	57.149	2,57 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	33.872	1,52 %
PROFOND AS	33.049	1,49 %
METT & GO AS	30.000	1,35 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
ANDERS VAKSDAL	20.000	0,90 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	19.994	0,90 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	14.727	0,67 %
INGUNN RIO	12.580	0,56 %
Sum 20 største	822.909	37,06 %
Øvrige aksjonærar	1.397.603	62,94 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	2.220.512	100,00 %

Antall aksjar: **2.220.512**

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 4. kvartal: 280,14

Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: 222,00

31.12.2021

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	52.659	2,37 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
SALT VALUE AS	44.959	2,02 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
PROFOND AS	37.564	1,69 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	32.584	1,47 %
METT & GO AS	30.000	1,35 %
FORLAGSHUSET VIGMOSSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	18.069	0,81 %
ANDERS VAKSDAL	17.874	0,81 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	15.000	0,67 %
Sum 20 største	850.247	38,29 %
Øvrige aksjonærar	1.370.265	61,71 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	2.220.512	100,00 %

Antall aksjar: **2.220.512**

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 4. kvartal: 263,81
Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: 202,00

NOTE 11 - HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det har ikkje førekommne hendingar etter utløpet av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller notar til rekneskapen.

NYKELTAL

4. kvartal 4. kvartal

Nykeltal er annualisert der anna ikke er spesifisert	2022	2021
--	------	------

Resultat

Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	47,60 %	48,70 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	12,00 %	12,87 %
Innskotsmargin hittil i år	1,18 %	0,07 %
Utlånsmargin hittil i år	1,38 %	2,07 %
Netto rentemargin hittil i år	1,90 %	1,62 %
Eigenkapitalavkastning ¹	8,69 %	7,82 %

¹ Basert på resultat av ordinær drift etter skatt, eigenkapitalen er justert for hybridkapital

Balanse

Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	20,08 %	18,62 %
Andel lån overført til EBK - berre PM	11,76 %	7,89 %
Innskotsdekning	80,04 %	78,86 %
Innskotsvekst (12mnd)	2,63 %	1,41 %
Utlånsvekst (12 mnd)	1,12 %	2,66 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	4,59 %	2,64 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	5.757.073	5.691.762
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	6.223.530	6.030.141

Nedskrivninger på utlån og misleghald

Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,03 %	0,00 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,55 %	0,60 %

Nykeltal er annualisert der anna ikke er spesifisert	2022	2021
--	------	------

Soliditet¹

Rein kjernekapitaldekning	19,36 %	17,97 %
Kjernekapitaldekning	21,17 %	19,36 %
Kapitaldekning	23,34 %	21,42 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,62 %	9,32 %

¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper

Likviditet

LCR	352	235
NSFR	136	131